

Venstre er Noregs sosialliberale parti

Venstre er Noregs eldste parti, stifta i 1884. Venstre fekk til viktige reformar som folkestyret, religionsfri- dom, juryordninga og allmen stemmerett.

Vår politikk sameiner personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Sosialliberalismen fi nn løysingane i balansen mellom fridom og fellesskap, politisk styring og ein fri marknad, individet og staten og mellom by og land. Venstre er eit sentrumparti ubunde av sosiale klasser og særinteresser, og eit nytenkjande parti med vilje til analyse og reformar.

Venstres visjon er eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der folk har fridom til å skape sin eigen veg til det gode liv, og der vi tek ansvar for kvarandre og miljøet.

Vi legg særleg vekt på 4 politiske hovudområde: Skule, småbedrifter, sosialt ansvar og miljø.

Kviteseid Venstre

Kviteseid Venstre vil arbeide for det opne folkestyret, der innsyn og deltaking er ein sjølvsgagt rett. Openheit hindrar maktmisbruk og er ein føresetnad for tillit. Deltaking i folkestyret handlar om å ta medansvar, og avgjersler bør bli tekne nærast mogleg dei det vedkjem.

Kviteseid Venstre vil medverke til å betre samspelet mellom faglege vurderingar og politisk skjøn, slik at vi kan få tilfredsstillande og demokratiske løysingar.



Dine kandidatar i Kviteseid



1. Jon Ingebretsen

66 år, bur i Vrådal. Naturrettleiar med skog- og utmarksutdanning, og med utmarksforvaltning, arealplanlegging, fleirsidig naturbruk og friluftsliv som kompetanseområde.

Har allsidige interesser og samarbeidsvilje, og er aktivt med i ei rekkje friviljuge organ på ulike nivå innan mange sider av samfunnslivet.

Engasjert, initiativrik og miljøbevisst all-roundpolitkar, med miljø-, kultur-, utdannings-, distrikts- og næringspolitikk som hjertesaker, og med lang og god erfaring frå yrkesliv, politikk og organisasjonsarbeid.

Jon brenn for at barn og unge og folk flest skal få kunnskap om- og bli glade i naturen og friluftslivet. *E-post: jo-i@online.no*



2. Eli Taugbøl

33 år, bur i Morgedal. Gullsmedmester med tilleggsutdanning innan folkekunst, kultur og leiing. Er sjølvstendig næringsdrivande, men har og ei lita stilling som hardingfelelærer i kultur- skulen i Kviteseid.

Allsidig og samfunnsengasjert med interesse og erfaring innan; næringsdrift, busetting, likestilling, skule, opp- vekst og utdanning, inkludert barne- og familievern.

Er realistisk og likar utfordringa med å få til mest mogleg innan dei rammene ein har. *E-post: kontakt@eli-gullsmed.no*



3. Gørild Botner Kanstad

37 år, bur i Kviteseid. Psykolog med spesialisering innan barne og familiepsykologi. Engasjert i barn og unges oppvekstvilkår, og for dei system som møter barn og familiar. Er oppteken av skule og utdanning, verdiskaping, miljøvern, økologisk fi losofi og samfunnsutvikling. Å la globalt

miljøansvar synleggjerast gjennom lokalt engasjement og vilje til handling er ei hjertesak. *E-post: gorildbk@hotmail.com*



4. Emil Fillingsnes

30 år, bur i Vrådal. Adjunkt. Jobbar ved Straumsnes oppvekstsenter og ved Vest-Telemark Blad. Er spesielt oppteken av samferdsel, kommunika- sjon og IKT, natur, miljø og friluftsliv.

E-post: efillin@gmail.com

www.venstre.no/telemark/kviteseid

Kviteseid Venstre



Vi tek ansvaret som folkevalde på alvor. Vi vil gjennom openheit og samarbeid medverke til å få til dei beste løysingane for innbyggjarane i Kviteseid kommune. Kviteseid Venstre vil styrkje det interkommunale og regionale samarbeidet, der dette inneber økonomiske fordelar og tener innbyggjarane sine interesser og behov.

Våre hjertesaker:

- miljø- og klimaplan for kommunen
- vidareutvikle fagtorget innan familieomsorg i Kviteseid som eit regionalt knutepunkt for arbeid med barn, familiar og psykisk helse.
- samordne informasjon og kompetanse vedrørande busetting, bygdeutvikling og næringsliv i samarbeid mellom kommunen og ulike prosjekt.
- styrke satsinga på skule og barnehage



venstre

Natur og miljø

Naturen er vår viktigaste ressurs! Naturen skal nyttast, men vi må alltid tenkje på naturen som ein arv vi forvaltar for etterkomarane våre, og leggje dette til grunn for våre avgjersler.



Derfor vil Kviteseid Venstre

- at det blir oppretta ei interkommunal stilling som miljøvernssjef for Vest-Telemark
- at kommunen får utarbeidd ein handlingsplan for miljø- og klimasaker
- ha ein samla stig- og løypeplan for heile kommunen i tråd med allemannsretten og med respekt for grunneigarretten. Denne må vedtakast innlemma i arealplanen.
- arbeide for meir miljøvenleg, tryggare og betre samferdsel gjennom vegutbetringar og satsing på gode kollektivtilbod på veg (buss) og på bane (Høgfallsbanen)
- greie ut moglegheitene for satsing på bioenergi ut frå tilgangen på lokale naturlege ressurskjelder, og med lokalt forankra foredlingsanlegg.
- at det på minst ein bensinstasjon i kommunen blir mogleg å fylle biodrivstoff.
- opprette eit fond til fi nansiering av mjuk infrastruktur i samband med turistutbygginga i kommunen (stigar, løyper, aktivitetsområde, grønne areal m.v)
- gå inn for redusert salting av vintervegane.
- gå inn for at arbeidet med miljøtiltak i Morgedalsvassdraget blir teke opp att og slutført.
- stimulere til opprydding av private avfallsplassar med tildels miljøgiftig avfall.
- arbeide for at viktige ressursareal for biologisk mangfald, landbruk, naturoppleving og friluftsliv ikkje blir omdisponerte og nedbygde, og at store og samanhengande naturområde blir tekne vare på.
- intensivere arbeidet med ENØK-tiltak i kommunale bygg.

Skule og barnehage

Ein god barnehage og skule er ein føresetnad for å få familiar til å busette seg og bli i kommunen. Borna skal, i nært samarbeid med dei føresette, få eit godt fagleg og sosialt tilbod som er trygt og fritt for mobbing og plaging.



For å få dette til vil Venstre:

- satse på og vidareutvikle dei tre skule-barnehagesentra vi har: Brunkeberg, Kviteseid, og Straumsnes. Dersom elevtalet tilseier det, bør også Fjågesund ha eit barnehage og skuletilbod.
- at kommunen skal gje barnehageplass til alle som ynskjer det.
- ha tilbod om å halde open ein barnehage i feriane ved ei samordning barnehagane imellom.
- arbeide for oppbygging av ein naturbarnehage.
- auke satsinga på IKT i skulane, slik at ein når eit godt nivå.
- styrke kunnskapslæringa, som er den viktigaste oppgåva både i skule og barnehage. Da er utvikling i sosial kompetanse heilt nødvendig.
- ha sterk satsing på fysisk aktivitet. Skulane bør setje av ein time kvar dag til dette. Miljøarbeid og uteskule er sentralt her.
- ha ei vidare satsing på entreprenørskap.

Helse og omsorg

I dag har Kviteseid eit godt helsetilbod. Vi må likevel framover sjå dei behova som kjem, og tilrettelegge tilboda etter desse.

Kviteseid har eit fagmiljø (fagtor) innan familieomsorg som i dag inneheld Vest-Telemark barnevernssamarbeid, Familievernkontoret i Vest-Telemark og Pedagogisk-Psykologisk Teneste.

Kviteseid Venstre

- ynskjer at dette fagtorget skal utvidast med ei avdeling for Barne- og Ungdomspsykiatri (BUP)
- ynskjer at fagtorget blir vidareutvikla som regionalt knutepunkt i Vest-Telemark for arbeid med barn og familier og psykisk helse.
- vil vere pådrivar for utvikling av nye modellar for heilskapleg oppfølging av born og familiar tilpassa lokale forhold
- vil at dei eldre i kommunen skal ha ein god og verdig alderdom.



Busetting + næringsliv = bygdeutvikling

KV ynskjer at fleire vil busette seg og drive næring i kommunen og regionen. Vi trur at god service, informasjon og oppfølging er viktigare enn kortsiktige tiltak som t.d. gratis barnehage for tilfl yttarar. Folk har også ulike ynske og behov som ein må ta utg.pkt i for å gje rett hjelp i ei etablering.



Kviteseid Venstre

- vil stimulere til næringsetablering i heile kommunen
- meiner det er rett å handheve bu- og driveplikta vidare slik Kviteseid kommune gjer i dag. Ei utfordring er å påverke fylkeslandbrukskontoret til å respektere kommunens vedtak.
- vil medverke til at det blir utarbeidd gode rutiner for samarbeid mellom kommunen og VTNUs prosjekt «Framtidsretta utvikling i landbruket» og «Bygdjelivsmeklar» for utveksling av informasjon og kompetanse.
- vil arbeide for at økologisk drift skal prioriterast gjennom tilpassing av stønadene til landbruket.
- vil arbeide for at post, teletenester og straum har same pris og kvalitet som i tettbygde strøk, og at alle i kommunen skal ha tilgang til breiband.
- vil arbeide for å betre dei sosiale ordningane for næringsdrivande.

Kultur, idrett og friluftsliv

Bygdeutvikling er ikkje bare busetting og næringsutvikling. Eit sterkt kulturliv og gode fritidstilbod er viktig for at folk skal trivast.



Kviteseid Venstre vil

- skape aktivitet og trivsel for unge og eldre gjennom samarbeid mellom kommunen og frivilljuge lag og organisasjonar.
- for å behalde dugnadsånden, - syte for at dei som engasjerer seg får gode arbeidstilhøve utan å måtte tenkje økonomi i kvar ein samanheng. Deira innsats kjem fellesskapet til gode.
- vidareutvikle kulturskulen som eit knutepunkt i kulturlivet i kommunen.
- ta utgangspunkt i lokale ressursar og arbeide for at det vert lagt til rette for variert friluftsliv for alle. Det er spesielt viktig at barn og unge blir glade i natur og friluftsliv.
- styrkje arbeidet for å gjere Kviteseid bygdetun til ein naturleg møtestad for bygdefolk og turistar



venstre